



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1867 - 20/7207

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
10.02.2020

Oversender vedtak om dispensasjon for etablering av våningshus nr 2 til klagevurdering - gbnr 214/4 Fyllingsnes

Eigedom: Gbnr 214/4
Adresse: Fyllingsnesvegen
Tiltakshavar/eigar: Arve Fyllingsnes

Saka gjeld

Saka gjeld klage på avslag på søknad om dispensasjon for etablering av våningshus nr. 2 på gbnr 214/4 Fyllingsnes.

Kommunen av slo søknaden i administrativt vedtak saknr. 472/19 datert 17.09.2019. Tiltakshavar har klaga på vedtaket i skriv mottatt 07.10.2019. Klagen er mottatt innanfor klagefristen.



Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan 2011-2023 sin arealdel er definert som LNF- føremål. Oppføring av våningshus nr. 2 er ikkje i samsvar med plan og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå planen. Delar av tilkomstveg vil liggja innanfor ein avstand på 100 meter til sjø og vil krevja dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

Uttale

Fylkesmannen i Hordaland har i skriv datert 05.11.2019 rådd frå at det vert gitt dispensasjon.

Kart og ortofoto



Politisk behandling

Klagen vart behandla i Utval for areal, plan og miljø i møte 05.02.2020, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM tek klagen til følgje.

Med heimel i plan- og bygningslova § 1 9-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet gjeve i kommuneplanen sin arealdel og forbodet som gjeld i 100 metersbeltet som omsøkt, for oppføring av einebustad med tilkomstveg på gbnr 214/4 på Fyllingsnes.

Vedtaket vert grunngeve med at det er viktig å oppretthalde drift på bruket, og då er det påtrengande at det kan oppførast eit nytt våningshus for eigaren, som no bur ein annan stad i krinsen. Eit nytt våningshus vil etter APM si vurdering kunne sikre at det vert drift av verdifullt slåtteareal og at det kan vera husdyrhald på bruket. Det å gje dispensasjon som omsøkt, er difor i tråd med omsyna bak LNF føremålet i kommuneplanen, fordi dette vil ivareta landbruket på staden.

Ein bustad på omsøkt stad vil ikkje på noko vis vera til ulempe for strandsoneverdiar eller andre interesser knytt til strandsona, jf. plan- og bygningslova sin § 1-8.

Ut frå ei samla vurdering meiner APM at omsøkt tiltak er klart større enn ulempene, og det difor kan gjevast dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Eventuelle spørsmål i saka kan rettast til underteikna.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av bustad nr. 2 - gbnr 214/4 Fyllingsnes
Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av bustad nr. 2 - gbnr 214/4 Fyllingsnes
Klage - Avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av våningshus nr. 2 - gbnr 214/4 Fyllingsnes
Avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av våningshus nr. 2 - gbnr 214/4 Fyllingsnes
Søknad om dispensasjon og nabovarsel
Situasjonsplan-v2
Flyfoto-skråfoto-3D-kart
Teikningar
Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av bustad nr. 2 til uttale - gbnr 214/4 Fyllingsnes
Uttale til søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel - gbnr 214/4 Fyllingsnes
Kommentarar til uttale frå Fylkesmannen i Vestland samt søknad om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona - gbnr 214/4 Fyllingsnes
Landbruksfagleg uttale til oppføring av våningshus nr 2 på gbnr 2144 Fyllingsnes
Gbnr 214-4 Oversiktskart KPA

Kopi til:

Kopi til:

Arve Fyllingsnes

Fyllingsnesvegen 5913
136

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2 6863

LEIKANGER